

Budsjetthandsaminga i råd og utval – saksprotokollar og fråsegner frå andre:

### **Rådmannen si tilråding:**

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 og budsjett 2018, med vedlegg, jf pkt 10 og 11 i vedlegg 1 (tabell 1, 2 og 3) skal førebels leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden, og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av seinare handsaming i råd og utval. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 18.12.17.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 25.10.2017**

Tilleggsframlegg frå Birgit Johanne K. Olsnes, Sp:

1. Ber rådmannen vurdere ei prosjektstilling for å styrkje det generelle næringsarbeidet, og legge denne direkte inn under rådmannen.
2. Auke ramme til planområde 4 jfr alternativ 1: nye tiltak pkt 4.3 (inndekking i endeleg budsjettramme)

Framlegg frå Hilde Alice Vågslid, Ap: Fremma sitt framlegg frå Formannskapsmøte 24.05.17: Den nye etaten vert styrka med ein 100% stilling som næringskonsulent. Stillinga vert lyst ut snarast råd.

Det vart fyrst røysta over rådmannen sin tilråding.  
Samrøystes vedteke

Pkt 1 i framlegget til Birgit Johanne K. Olsnes, Sp mot framlegg frå Hilde Alice Vågslid, Ap.  
Framlegget til Olsnes vart vedteke med 4 – 3 røyster

Pkt 2 i framlegget til Birgit Johanne K. Olsnes, Sp:  
Vedteke med 4 – 3 røyster

### **Vedtak**

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 og budsjett 2018, med vedlegg, jf pkt 10 og 11 i vedlegg 1 (tabell 1, 2 og 3) skal førebels leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden, og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av seinare handsaming i råd og utval. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 12.12.17.

1. Ber rådmannen vurdere ei prosjektstilling for å styrkje det generelle næringsarbeidet, og legge denne direkte inn under rådmannen.
2. Auke ramme til planområde 4 jfr alternativ 1: nye tiltak pkt 4.3 (inndekking i endeleg budsjettramme)

### **Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutval - 01.11.2017**

Tilleggsframlegg frå AMU:

1. Carport til bilar i heimesjukepleia blir flytta fram til 2018.
2. Garderobeanlegg på kommuneverkstaden blir flytta til 2018.

Det vart røysta over pkt 1:  
Vedteke med 4 – 3 røyster

Pkt 2:  
Vedteke 4 – 3 røyster

Røysta over rådmannen sin tilråding:  
Samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 og budsjett 2018, med vedlegg, jf pkt 10 og 11 i vedlegg 1 (tabell 1, 2 og 3) skal førebels leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden, og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av seinare handsaming i råd og utval. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 12.12.17.

1. Carport til bilar i heimesjukepleia blir flytta fram til 2018.
2. Garderobeanlegg på kommuneverkstaden blir flytta til 2018.

### **Saksprotokoll i Eldrerådet - 01.11.2017**

Framlegg frå Eldrerådet:

Planområde 3 – Helse- og omsorgsetaten:

Eldrerådet ser med bekymring på det som er skrive at det ut frå reduksjon av sjukeheimsplassar (- 7 plassar i 2017) gjer det vanskeleg for menneske med eit høgt pleie/omsorgsbehov å få sjukeheimsplass.

Resultatet av dette er at omsorgsenteret får meir funksjon som ein sjukeheim.

Med nedgang i folketalet, men fleire eldre er det som her har sjeidd ei svært trist utvikling.

Planområde 4 – Plan, næring og teknisk:

Av det som er nemnt under næring side 27 går det fram at det i administrasjonen i dag omtrent ikkje er ressursar til å arbeide med nærings saker.

Likevel er pkt 1 i mål nemnt at ei vil «Leggje til rette attraktive areal for bustadbygging på Dalen»

Eldrerådet ser det slik at det kommunen treng er fleire arbeidsplassar og ikkje fleire bustadtomter. Kommunen har ledige tomter og det ligg fleire bustader ute for sal på Dalen. Det er store vanskar med å finne kjøperar til bustader på Dalen i dag og utan fleire arbeidsplassar vil dette bli vanskelegare i åra som kjem.

Oppmodinga frå eldrerådet vert: Bruk kommunale midlar til næringsarbeid i staden for tilrettelegging for bustadbygging.

### **Vedtak**

Planområde 3 – Helse- og omsorgsetaten:

Eldrerådet ser med bekymring på det som er skrive at det ut frå reduksjon av sjukeheimplassar (- 7 plassar i 2017) gjer det vanskeleg for menneske med eit høgt pleie/omsorgsbehov å få sjukeheimplass.

Resultatet av dette er at omsorgsenteret får meir funksjon som ein sjukeheim.

Med nedgang i folketalet, men fleire eldre er det som her har sjedd ei svært trist utvikling.

Planområde 4 – Plan, næring og teknisk:

Av det som er nemnt under næring side 27 går det fram at det i administrasjonen i dag omtrent ikkje er ressursar til å arbeide med nærings saker.

Likevel er pkt 1 i mål nemnt at ei vil «Leggje til rette attraktive areal for bustadbygging på Dalen»

Eldrerådet ser det slik at det kommunen treng er fleire arbeidsplassar og ikkje fleire bustadtomter. Kommunen har ledige tomter og det ligg fleire bustader ute for sal på Dalen. Det er store vanskar med å finne kjøperar til bustader på Dalen i dag og utan fleire arbeidsplassar vil dette bli vanskelegare i åra som kjem.

Oppmodinga frå eldrerådet vert: Bruk kommunale midlar til næringsarbeid i staden for tilrettelegging for bustadbygging.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.10.2017**

Framlegg i Rådet:

1. Rådet var på synfaring på flaumsikringsvollen ved Moensjordet og gangvegen som er bygd i forkant av vollen. Rådet er nøgd med at det er bygd ein gangveg, men slik den er no er den for ujamn og skeiv til at rullestolar kan nytte den på ein trygg måte. Rådet ber om at gangvegen vert jamna ut, retta opp og om mogleg bygd litt breiare på dei smalaste partia.
2. Til budsjett og økonomiplandokumentet side 23, pkt 6.3.2 Utfordringar og fokusområde i Helse- og sosialetaten, 3. kulepunkt, vil Rådet uttale at vidareutvikling av frisklivsarbeidet og frisklivssentralen må femne om å gjere slike tilbod tilgjengelege på ein enkel måte for alle i kommunen. Menneske med nedsett funksjonsevne i grendene kan ha vanskar med å nytte seg av desse tilboda viss dei alle vert lagt til kommunesenteret Dalen.

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Rådet var på synfaring på flaumsikringsvollen ved Moensjordet og gangvegen som er bygd i forkant av vollen. Rådet er nøgd med at det er bygd ein gangveg, men slik den er no er den for ujamn og skeiv til at rullestolar kan nytte den på ein trygg måte. Rådet ber om at gangvegen vert jamna ut, retta opp og om mogleg bygd litt breiare på dei smalaste partia.
2. Til budsjett og økonomiplandokumentet side 23, pkt 6.3.2 Utfordringar og fokusområde i Helse- og sosialetaten, 3. kulepunkt, vil Rådet uttale at vidareutvikling av frisklivsarbeidet og frisklivssentralen må femne om å gjere slike tilbod tilgjengelege på ein enkel måte for alle i kommunen. Menneske med nedsett funksjonsevne i grendene kan ha vanskar med å nytte seg av desse tilboda viss dei alle vert lagt til kommunesenteret Dalen.

## Saksprotokoll i Oppvekstutvalet - 01.11.2017

### Framlegg frå Geir Arild Djuve, SP:

1. Ber rådmannen vurdere ei prosjektstilling for å styrkje det generelle næringsarbeidet, og legge denne direkte inn under rådmannen.
2. Auke ramme til planområde 4 jfr alternativ 1: nye tiltak pkt 4.3 (inndekking i endeleg budsjetttramme)

### Framlegg frå Tokke KrF og Tokke AP:

Den nye etaten vert styrka med ein 100% stilling som næringskonsulent. Stillinga vert lyst ut snarast råd.

### Framlegg i møte til investeringsbudsjettet:

- I. Toalettforholda ved Tokke skule/SFO blir prioritert i 2018
- II. Spelemidlar er tildelt i Høydalsmo og prosjektet må realiserast i 2018. Det må avsetjast midlar i investeringsbudsjettet for 2018.

Finansiering ved eventuelt auka låneopptak for 2018.

Rådmannens framlegg blei samrøystes vedteke.

Forslaget frå Djuve blei sett opp mot framlegget til KrF og Ap. Framlegget til Djuve blei vedteke med 4 mot 3 stemmer. Mindretalet røysta for framlegget til KrF og AP.

Framlegg til endring i investeringsbudsjettet blei samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 og budsjett 2018, med vedlegg, jf pkt 10 og 11 i vedlegg 1 (tabell 1, 2 og 3) skal førebels leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden, og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av seinare handsaming i råd og utval. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 12.12.17.

1. Ber rådmannen vurdere ei prosjektstilling for å styrkje det generelle næringsarbeidet, og legge denne direkte inn under rådmannen.
2. Auke ramme til planområde 4 jfr alternativ 1: nye tiltak pkt 4.3 (inndekking i endeleg budsjetttramme)

### Investeringsbudsjettet:

- I. Toalettforholda ved Tokke skule/SFO blir prioritert i 2018
- II. Spelemidlar er tildelt i Høydalsmo og prosjektet må realiserast i 2018. Det må avsetjast midlar i investeringsbudsjettet for 2018.

Finansiering ved eventuelt auka låneopptak for 2018.

## **Saksprotokoll i Helse- og sosialutvalet - 08.11.2017**

Framlegg til nytt vedtak frå Åge Verpe( Sp): « Ramma til planområde 3 er underfinansiera i storleiksordning 2,5 – 4 mill for 2018 jfr prognoser for forbruk 2017. Det

vert lagt inn ei justering frå rådmannen på 1mill. pga feil lønnsramme. HSU meiner dei resterande 1,5 – 3 mill må justerast inn i budsjett for 2018.

Det var fyrst røysta over rådmannen sin tilråding: Samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over framlegget til Verpe: Vedteke med 4-3 røyster.

### **Vedtak**

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 og budsjett 2018, med vedlegg, jf pkt 10 og 11 i vedlegg 1 (tabell 1, 2 og 3) skal førebels leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden, og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av seinare handsaming i råd og utval. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 12.12.17.

### **Tillegg i utvalet:**

Ramma til planområde 3 er underfinansiera i storleiksordning 2,5 – 4 mill for 2018 jfr prognoser for forbruk 2017. Det vert lagt inn ei justering frå rådmannen på 1mill. pga feil lønnsramme. HSU meiner dei resterande 1,5 – 3 mill må justerast inn i budsjett for 2018.

### **Saksprotokoll i Utviklingsutvalet - 09.11.2017**

Tilleggsframlegg frå Senterpartiet:

1. Ber rådmannen vurdere ei prosjektstilling for å styrkje det generelle næringsarbeidet, og legge denne direkte inn under rådmannen.
2. Auke ramme til planområde 4 jfr alternativ 1: nye tiltak pkt 4.3 (inndekking i endeleg budsjetttramme)

Tilleggsframlegg frå AP v/ Solbjørg Frantzen:

Den nye etaten vert styrka med ein 100% stilling som næringskonsulent. Stillinga vert lyst ut snarast råd.

Det vart fyrst røysta over rådmannen sin tilråding:  
Samrøystes vedteke

Det vart røysta over Sp sitt framlegg pkt 1 mot Frantzen sitt framlegg:  
Framlegget frå Sp vart vedteke med 4 – 2 røyster.

Det vart røysta over pkt 2 i Sp sitt framlegg:  
Vedteke med 4 – 2 røyster.

### **Vedtak**

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021 og budsjett 2018, med vedlegg, jf pkt 10 og 11 i vedlegg 1 (tabell 1, 2 og 3) skal førebels leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden, og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av seinare handsaming i råd og utval. Kommunestyret gjer endeleg vedtak 12.12.17.

Tillegg i utvalet:

1. Ber rådmannen vurdere ei prosjektstilling for å styrkje det generelle næringsarbeidet, og legge denne direkte inn under rådmannen.

2. Auke ramme til planområde 4 jfr alternativ 1: nye tiltak pkt 4.3 (inndekking i endeleg budsjettamme).

---

## 301017 oppsummering av møte i ungdomsråd

Klokka: 08.30 – 11.00

Stad: Gygreburet ( Tokke kulturhus)

Møtte:

Tokke skule:

- Pål Roger Stange (10kl.)

Høydalsmo skule :

- Dina A. Skogsrød (9kl. )
- Ingvild Mandt ( 8kl.) i Rune K. Strånd (10.kl) sin stad.

VT vidaregåande skule:

- Daniel Knutsen ( VG1 )
  - Emma Solli ( VG3 )
- 

Oppvekstutvalet skal ha møte 01.11.17 – difor dette møte. Informere og drøfte saker som skal opp her. Spesielt med fokus på ungdommen.

### Sakliste ungdomsråd:

1. **Val av leiar, nestleiar og sekretær.**( konstituere)

**Leiar :** Pål Roger Stange

**Nestleiar:** ?

**Sekretær:** Emma Solli

Dagny Skjelbreid leia møte grunna sakslite.

2. **Telefonliste og e-post.**

Vart laga på møte

3. **Info om oppvekstutvalet , politiske utval, heimesida....**

Dagny visa heimesida og korleis ein kan finne sakene som skal opp i ulike politiske organ.

### Informasjon og drøfting rundt saker som skal opp i oppvekstutvalet 01.11.17

4. **Spelemidler 2018**

*Kulturdepartementet fordeler årleg spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Rådmannen må forankre sine søknadar kvart år i ei oppdatering av handlingsdelen i plan for idrett og anlegg.*

*Samstundes skal kommunen foreta ei prioritering av søknadar om spelemidler til idrettsanlegg med utgangspunkt i uttale frå Idrettsrådet i kommunen. Idrettsrådet er med og sikrar ei forankring av nye idrettsanlegg i ei samla lokal idrettsrørsle.*

*I søknadsprosessen er anlegg delt inn i to kategoriar utifrå retningslinene til KUD.*

*Ordinære idrettsanlegg er anlegg som legg til rette for organisert aktivitet knytt til særiddrettar som det kan konkurrerast og haldast organiserte treningar i.*

Nærmiljøanlegg er anlegg som er anlagt utandørs og som til ei kvar tid skal vere open for uorganisert aktivitet, det vil seie at t.d. eit idrettslag ikkje har anledning til å legge krav på faste treningstider i eit nærmiljøanlegg.

Søknadar 2018 Ordinære idrettsanlegg:

- Kunstgrasbane 7er Høydalsmo
- Dragbane og
- Klubbhus, Skafså motrorsportklubb:
- O-kart Grønliheii, Høydalsmo idrettslag:
- Rulleskiløype, Høydalsmo idrettslag:

Søknadar 2018 Nærmiljøanlegg

- Rehabilitering av ljosløype, Byrte IL:

Rådmannen si tilråding 2018:

Ordinære anlegg:

1. Klubbhus, Skafså motorsportklubb, fornya (ingen kommunal del)
2. O-kart Grønliheii, fornya og overføring av kommunal del frå 2017 (om det ikkje blir utbetalt i dette året)
3. Kunstgras i Høydalsmo, fornya og midlar blir avsett i investeringsbudsjettet for 2019

Nærmiljøanlegg:

1. Rehabilitering av ljosløype, Byrte IL.

Utale frå Tokke ungdomsråd:

Ungdomsrådet vart informera om idrettsrådet si prioritering, men støtter rådmannen si tilråding.

## **5. Kulturkort – prøveordning i Tokke ?**

Telemark ungdomsråd har i møte 16.10.17 gjort eit samrøystes vedtak om at ungdommen i Telemark ynskjer at kommunane innfører ei ordning med ungdomskort. Ungdomsrådet tilrår at ungdom i aldersgruppa 13 til 25 år får gratis inngangsbillett på kino, opera, teater, diverse sport, festivalar, konserter, revyar og liknande. Ordninga er innført i Hedemark.

Ungdomsrådet i Tokke drøfta noko rundt praksis i Hedemark, da ein av medlemmene var på dagkonferansen i regi av Telemark ungdomsråd.

Utale frå Tokke ungdomsråd:

- For smalt at det berre skal gjelde ungdommar busett i kommunen. Alle som ynskjer bør få søkje/ bestille kort og bruke kulturtilbodet i Tokke.
- Kan gjelde for ungdom frå 13 – 21 år. Da blir ungdom som går på skule i Tokke ivaretatt.
- Bør ikkje dekke medlemskap, men bilettar.
- Bør gjelde reduksjon av pris på bilettar. ( til eksempel 25,- reduksjon av kinobillett ? Hedemark )

## **6. Kommunepsykolog i Vest Telemark ?**

Arbeids- og styringsgruppa for samhandling i Vest-Telemark har gitt samhandlingskoordinator i oppgåve å sjå på meir samarbeid innan psykisk helse og rus. Det er nedsett ei arbeidsgruppe i VT med representantar frå alle kommunane.

Psykisk helse og rus er satsingsområder både frå regjering, HSØ og Sykehuset Telemark HF.

Eit av tema for arbeidsgruppa var kring samarbeid om psykologressursar. Det kjem eit lovkrav frå 2020 om plikt for kommunane til å ha psykologkompetanse. Staten har difor etablert ei tilskotsordning for tilsetjing av psykologar i kommunane med kr. 400 000 pr. psykolog før 2020.

Tidleg innsats og rask avklaring vil òg ha ein viktig førebyggjande effekt. Ein har i dag ganske gode ressursar innanfor vaksenpsykiatrien og ein ser føremon i å hjelpe barn som sliter psykisk.

Psykologen bør ha klinisk tverrfagleg fokus:

Eit lågterskeltilbod, som kan gis utan henvising, som er gratis, har kort ventetid, er lett tilgjengeleg og har fokus på korttidsterapi, råd og veileiing.

Rådmannen si tilråding:

- Kommunane søkjer om tilskot frå Helsedirektoratet
- Det blir lyst ut etter 2 psykologar fordelt på:

o Seljord, Kviteseid og Nissedal

o Vinje, Tokke og Fyresdal

• Rådmennene i VT blir samde om plassering av psykologen administrativt og fordeling av psykologressursen pr. kommune

- Det blir sett av kontor i kvar kommune til psykologen

### **Utale frå Tokke ungdomsråd:**

Ser det som fornuftig og viktig. Støtter Rådmannen.

## **7. Idrettsstipend 2017.**

Det er oppvekstutvalet som tildelar idrettsstipendet. Storleiken på stipendet er kr 15 000,-

Retningslinjene for idrettsstipend:

«Unge idrettsutøvarar mellom 16 og 20 år kan søkje om idrettsstipend. Tildeling skjer etter anbefaling frå Tokke idrettsråd. Tilskotet vert fordela etter tilgjengelege midlar og talet på søkjarar, basert på korleis søkjarane oppfyller kriteriene. Ved fleire søkjarar står idrettsrådet og Oppvekstutvalet fritt til å rangere søkjarar og fordele midlar til ein eller fleire av søkjarane.

Kriterier:

- Må ha fylt 16 år i søknadsåret kan fylle 20 år i søknadsåret.
- Må drive seriøse satsing innanfor ein idrett og syne til deltaking i konkurransar på nasjonalt nivå.
- Må vere medlem av idrettslag eller klubb i Tokke kommune (kan gjerast unntak ved mindre idrettar der Tokke ikkje har eigen klubb innanfor den aktuelle grein og søkjaren er busett i Tokke).
- Må ha vedlagt uttale frå trenar/ klubbansvarleg om utvikling og satsing.

I år fire søkjarar: Rykkjelid, Krog, Midtbø og Øvrebø



**Utale frå Tokke ungdomsråd:**

Stipendet bør gå til den som er mest disiplinert. Satsar mest. Kven som treng pengane mest ( er det dyrt ? ) Sjå på resultat.

**8. Budsjett og handlingsplan 2018, rådmannens førebelse framlegg. ( eit utdrag, kva betyr dette for ungdommen ?)**

Litt om ståa i kommunen. Behov for innsparing, men og behov for investering framover.

**Behov for Investering 2018-2021 ?**

- «Meirope» - bibliotek.
- Toalettforhold ved Tokke skule
- Skulekjøkken ved Høydalsmo skule og Tokke skule, formingsrom på Tokke skule.
- « stillerom» på biblioteket.

**Ulike nye tiltak som:**

- oppretta ein ny lærlingeplass i Tokke kommune ( da fem )
- Auke 20% helsesøsterstilling
- Psykologteneste
- Leasing av ultralydapparat

**Innsparingtiltak som:**

- redusert skuleskyss, fritt skuleval.

**9. Ymse – saker frå ungdommar**

Idear til inntekter for kommunen:

- Zipline over Dalen ( Rui, Riarhammaren )
- Utkikkstårn
- Utleie av ulike ting som vannski, vannskuter.

Ungdomsrådet ynskjer ein oversikt over budsjettet for skulane, dette for å sjå kva pengar som ligg her og kva dei blir brukt til. Til info : I eit budsjett i offentleg sektor går ca 80% til lønn for personalet. Dagny sender ein oversikt til medlemmene.

---

Høydalsmo 28.10 2017

**SKULEKJØKKENET VED HØYDALSMO SKULE**

SFO-personalet ved Høydalsmo skule har kontakta verneombod grunna lite eigna kjøkken for drift av skulekantine for ungdomskulen.

SFO-personalet brukar skulekjøkkenet når dei lagar mat til både SFO og kantine.

Ungdomskulen har kantineordning i ein annen del av bygget, matsalen i samfunnshusdelen. Dette medfører at SFO-personalet må frakte store deler av maten opp fleire trapper og gjennom biblioteket. Dette er spesielt krevjande når det serverast varm mat. Ein må då bere store kjelar med varm mat denne vegen. Dette er også eit problem når ungdomskuleelevane, som har mat og helse, ordnar kantine for heile skulen.

Slik skulekjøkkenet er no, er det for liten plass til at elevane kan sitje der å ete. I samfunnshusdelen er det eit lite kjøkken, men dette er ikkje eigna for matlaging. VO er kjent med at det ligg føre nye planer for skulekjøkken ved Høydalsmo skule. Slik det nye kjøkkenet er tenkt, vil det vere plass til at ungdomskuleelevane kan ete der. Som verneombod meiner eg det er viktig å prioritere ombygging av skulekjøkkenet ved Høydalsmo skule. Det er tidkrevjande og tungvindt å drive kantina slik den er no, då det tar mykje ekstra tid å bere ting att og fram. Ein risikerer også belastningsskader og andre ulykker. Alternativet vil vere å slutte med varmmat på kantina for ungdomskulen.

*Helsing Trine Lothe, VO ved Høydalsmo skule*

---

### Betalt matpause i barnehagen

Dei tilsette i barnehagane i Tokke har fremja ynskje om å innføre betalt matpause. Ordninga med betalt matpause blir praktisert i kommuneadministrasjon, skule, helsesektoren, pleie- og omsorgssektoren og bibliotek i Tokke kommune. Barnehagane i nabokommunane, Vinje, Fyresdal og Kviteseid, har betalt matpause. Vinje har også tettare bemanning enn barnehagane i Tokke. Å innføre betalt matpause i barnehagen kan vere eit viktig verkemiddel for å behalde arbeidstakarar i kommunen. Dei ulike avdelingane tek ofte ungene ut i nærmiljøet. Når dei er ute på tur, er det ikkje mogleg å ta ut matpause. Det vil sei at dei vaksne arbeider ein halvtime ekstra utan å få betalt for det på desse dagane. Ein konsekvens kan bli at mange turar blir avlyste, eller at dei tilsette må betalast ekstra når dei ikkje får tid til matpause! Sjukefråveret i Dalen barnehage var på meir enn 20% i fyrste halvår 2017! Dette er alvorleg, og noko me må ta tak i. Me trur at innføring av betalt matpause kan vere med på å redusere fråveret. Ein arbeidsdag som blir redusert med ein halv time, vil opplevast som mindre belastande. I dag kan personalet forlate barnehagen midt i arbeidstida, når dei tek matpause. Det er i denne tida det er flest ungar på avdelingane. Skjer det noko i barnehagen, så er det kanskje ikkje nok personale til å handtere situasjonen. Betalt matpause vil sikre at det alltid er nok vaksne på huset i kjernetida. Det sosiale miljøet på arbeidsplassane er viktig. I dag kan tilsette oppleve å sitje åleine på pauserommet, fordi dei andre som har pause ikkje er på huset. Ved innføring av betalt matpause vil pauserommet bli bruka av fleire.

### Forslag til korleis betalt matpause kan organiserast utan at kvaliteten i tilbodet endrast:

Tokke kommune endrar opningstida i Dalen barnehage. Ny opningstid blir: 07.00 – 16.30. Dette gjer at bemanninga i barnehagen ikkje blir endra, sjølv om betalt matpause blir innført. I dag er opningstida i Dalen barnehage 06.45 – 16.45. Det er svært få barn som treng eit barnehagetilbod på 10 timar! Andre kommunar i Vest – Telemark har opningstid i frå 07.30 – 16.30.

I barnehagane med ei avdeling, er opningstida allereie i frå 07.00 – 16.30. Dersom betalt matpause ikkje skal medføre redusert bemanning i slutten eller starten av dagen, må dei tilsette oppretthalde 8 timars dagar. Dette kan kompensera med fridagar i mindre travle periodar.

Dalen 18.10.2017

Fagforbundet

Utdanningsforbundet

Anne Vadder Midtbø

Ingrid Vadder